


TILSTANDSRAPPORT 2019-20

AUKRABARNEHAGEN

AUKRASKOLEN

Til orientering i k-sak 33/21, 17.06.21



INNHALD

1.0	Innleiing	s. 3
2.0	Aukrabarnehagen og Aukraskolen	s. 4
2.1	Bemanning og kompetanse 2020	s. 5
2.2	Bemanning og kompetanse i Aukrabarnehagen	s. 5
2.3	Bemanning og kompetanse i Aukraskolen	s. 8
2.4	Økonomi 2020	s. 12
2.5	Pandemi	s. 14
3.0	Barnehage- og skolemiljø	s. 15
3.1	Barnehagemiljø	s. 21
3.1.1	Foreldreundersøkinga 2020	s. 21
3.2	Skolemiljø	s. 23
3.2.1	Elevundersøkinga 2018	s. 23
4.0	Utvikling og læring	s. 26
4.1	Kommunikasjon, språk og tekst i barnehagen	s. 26
4.2	Mengd, rom og form i barnehagen	s. 27
4.3	Nasjonale prøver i lesing, rekning og engelsk	s. 29
4.3.1	Nasjonale prøver 5. trinn	s. 30
4.3.2	Nasjonale prøver ungdomstrinn	s. 31
4.4	Karakterar – matematikk, norsk og engelsk	s. 35
4.5	Grunnskolepoeng	s. 35
4.6	Overgang til VGO	s. 36
5.0	Oppsummering	s. 37

1.0 INNLEIING

Lovkravet

Kommunelova krev at kommunar har internkontroll med administrasjonen si verksemd. *Barnehagelova* viser til at barnehageeigar skal ha internkontroll. *Opplæringslova* presiserer at kommunen har ansvaret for at krava i opplæringslova vert oppfylte og at naudsynte ressursar vert stilt til disposisjon.

Internkontroll i kommunen og fylkeskommunen

Kommuner og fylkeskommuner skal ha internkontroll med administrasjonens virksomhet for å sikre at lover og forskrifter følges. Kommunedirektøren i kommunen og fylkeskommunen er ansvarlig for internkontrollen.

(Kommunelova § 25-1)

Internkontroll i barnehagen

Barnehageeier skal ha internkontroll for å sikre at kravene i denne loven med forskrifter følges.

Internkontrollen skal være systematisk og tilpasset barnehagens størrelse, egenart, aktiviteter og risikoforhold.

Ved internkontroll etter denne paragrafen skal barnehageeier

- a) *utarbeide en beskrivelse av barnehagens hovedoppgaver, mål og organisering*
- b) *ha nødvendige rutiner og prosedyrer*
- c) *avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik*
- d) *dokumentere internkontrollen i den formen og det omfanget som er nødvendig*
- e) *evaluere og ved behov forbedre skriftlige prosedyrer og andre tiltak for internkontroll.*

(Barnehagelova § 9)

Ansvarsomfang for kommunen og fylkeskommunen

Kommunen og fylkeskommunen har ansvaret for at krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte, også å stille til disposisjon dei ressursane som er nødvendige for at krava skal kunne oppfyllest.

(Opplæringslova § 13-10)

Tilstandsrapporten er ein del av Aukra kommune sin internkontroll. Dette er andre gong kommunedirektøren legg fram rapport for både barnehage og grunnskole.

Innhald i tilstandsrapporten

Rapporten omtaler ressursar, læringsmiljø og arbeid med fagområde (barnehage) og fag (skole).

Kvart år utarbeider barnehagen sine lovpålagte *årsplaner*. Årsplanene er i seg sjølv ein type «tilstandsrapportar» for barnehagane. Planene tek for seg progresjon gjennom leik og læring, pedagogisk profil, foreldresamarbeid, språk og utvikling, fagområda med meir. Årsplanene er å finne på barnehagane sine heimesider.

Aukra er mellom anna samanlikna med kommunane Aure og Suldal, fylke og land.

Tal frå foreldreundersøkinga, elevundersøkinga og nasjonale prøver for barnehage- og skoleåret 2020-21 er tatt med i rapporten.

2.0 AUKRABARNEHAGEN OG AUKRASKOLEN

Aukra har to barnehagar og to skolar som til saman har om lag 700 barn og elevar. 389 barn og unge går i barnehage og skole på Gossen. 299 barn og unge går i barnehage og skole på Julsundet. 60 av elevane ved Julsundet skole er frå Hustadvika kommune. (GSI-tal oktober 2020 og Basil-tal desember 2020). Tal frå hausten 2019 viser om lag same bilete. Hausten 2020 var det 88 barn i SFO, og hausten 2019 var det 89 barn i SFO.

Barnehagestyrar ved Barnebo barnehage og rektor ved Gossen barne- og ungdomsskole fortel at minoritetsspråklege, tospråklege og fleispråklege barn/elevar utgjer 25-30% av barne- og elevtalet i barnehagen og skolen på Gossen. Det krev kompetanse, systematisk og målretta arbeid både med fagleg og sosial inkludering. Gode språkstimuleringstiltak i barnehagen og språkopplæring i skolen er viktig. Føreseielege økonomiske rammer må vere på plass for å drive god tidleg innsats.



Bergetippen Barnehage



Barnebo barnehage



Julsundet skole



Gossen barne- og ungdomsskole

Bileta syner fine og nye bygg og uteområde. I august står nytt og flott barnehagebygg klart på Barnebo barnehage. Avdelingane i barnehagen vert samlokalisert. Barnehagedrifta på avdeling Riksfjord vert avslutta etter over 6 år med mellombels drift. Samlokalisering gjer logistikken av drifta og kvardagen enklare.

2.1 Bemanning og kompetanse 2020

Alle barn og elevar har krav på å vere i barnehagar og skolar med tilstrekkeleg bemanning. Dei har krav på å møte vaksne med kompetanse.

I barnehagane skal det vere utdanna pedagogar og tilstrekkeleg grunnbemanning til at personalet kan drive ei tilfredsstillande pedagogisk verksemd. I skolane bør undervisninga vere gitt av utdanna lærarar. I faga norsk, matematikk og engelsk er det skjerpa krav til utdanning. Barn med behov for spesialpedagogisk hjelp i barnehagen og spesialundervisning i grunnskolen, bør bli møtt med den beste kompetansen.

På Gossen er 25-30 % av barnehagebarna og elevane framandspråklege. Mange av barna treng mykje tid og god støtte, og ikkje minst kvalifiserte og tilstrekkeleg med vaksne. I dag har ikkje Gossen barne- og ungdomsskole naudsynt kompetanse for å hjelpe flyktningane. Det vert jobba for å få dette på plass.

2.2.1 Bemanning og kompetanse i Aukrabarnehagen

Barnehagefakta.no har oversikt over *barn per tilsett, barn per barnehagelærer og tilsette si utdanning.*

Barn per tilsett

Om ein reknar alle barn som store barn, over tre år, skal det minimum vere 1 vaksen per 6 barn. Barn per tilsett viser talet på barn per årsverk til grunnbemanning. *Grunnbemanninga* er dei tilsette i barnehagen som jobbar direkte med barna. Barn under tre år tel dobbelt i utrekninga slik at talet for barn per tilsett svarar til at alle barna er over tre år. Barnehagen skal ha minst ein tilsett per seks barn når barna er over tre år. I Aukrabarnehagen er det 5,4 barn per vaksen. (Barnehagefakta.no, Tal frå Basil desember 2020)



Kommunane vi samanliknar oss med er også innanfor lovkravet. Men tabellen under viser at både Aure og Suldal har færre barn per tilsett enn i Aukrabarnehagen.


Aukra	Aure	Suldal
5,4	4,5	4,8

(www.barnehagefakta.no)

Barn per barnehagelærer

Barn per barnehagelærer viser tal for barn per årsverk til tilsette med barnehagelærerutdanning eller tilsvarande. Barn under tre år vert rekna dobbelt i denne utrekninga. Det vil seie at talet som er oppgitt her er tal på barn per tilsett som om alle barna var store. Det gjer at talet er samanliknbart for barnehagar med ulik alderssamansetting.

Pedagogiske leiarar må ha utdanning som barnehagelærer, eller anna treårig pedagogisk utdanning på høgskolenivå med vidareutdanning i barnehagepedagogikk. Det skal vere minimum ein pedagogisk leiar per 14 barn for barn over tre år. Eitt barn til utløyser krav om ny fulltidsstilling som pedagogisk leiar.



Då tala på barn og barnehagelærarar vart registrert i desember 2020 i Basil, oppfylte ikkje Aukra kommune pedagognormen. I snitt hadde ein pedagogisk leiar ansvar for 15,3 barn. Det skal maksimalt vere 14 barn per pedagogisk leiar. Aukrabarnehagen oppfylte heller ikkje pedagognormen med dispensasjon.

På måletidspunktet den 15.12. så tala slik ut for barnehagane:

- Bergetippen: 14,9
- Barnebo: 14,2 (Furutun) og 17,1 (Riksfjord)

Kommunane vi samanliknar oss med var godt innanfor lovkravet. Aure har 10,1 barn per vaksen, og Suldal har 12,3 barn per vaksen.

Aukra	Aure	Suldal
15,3	10,1	12,3

(www.barnehagefakta.no)

Kommunalt tilsyn med barnehagane, 2021 – pedagogisk bemanning

I februar 2021 varsla tilsynsmynde tilsyn med barnehagane.

Temaet for tilsynet var pedagogisk bemanning i barnehagen. Tilsynet er heimla i barnehagelova § 25 og 53 (internkontroll), og forskrift om pedagogisk bemanning § 1 og 3. Tilsynet er utført av pedagogisk rådgjevar. Måletidspunkta for tilsynet var 1. september 2020 og 1. februar 2021. Tilsynsrapporten er under utarbeiding. Så langt indikerer informasjonen at Bergetippen var innafor pedagognorma på begge måletidspunkta.

Tilsynet viser at det var *tilsett* tilstrekkeleg med pedagogar /barnehagelærarar for å innfri kravet om pedagogisk bemanning. Men fråvær av ulike orsakar skapte likevel mangel på pedagogar på måletidspunkta. Barnebo barnehage lyste ut etter pedagogar, men fekk ingen kvalifiserte søkjarar.

Barnehagemynde må i tilsynet vurdere når drifta er innafor eller utafor lovkravet. Kor lenge kan ein pedagog ha fråvær frå barnehagen før det er vurdert som avvik - avvik i høve til kravet om tal på pedagogar barna skal ha i barnehagen? Vi må også sjå på kva som er grunnlaget for å rapportere evt. fråvær av pedagogar i BASIL.

Konklusjon:


- I desember 2020 var det ikkje tilstrekkeleg med barnehagelærar i Aukrabarnehagen.
- Grunnbemanninga i Aukrabarnehagen bør ha fleire barnehagelærarar tilsett, slik at ein primært kan setje inn barnehagelærar når den faste pedagogiske leiaren har fråvær frå barnehagen
- Aukra kommunestyre får politisk sak om tilsynet i september 2021
- Det vert tilsvarande kommunalt tilsyn med pedagogisk bemanning våren 2022

Tilsette si utdanning

Tala for tilsette si utdanning viser den høgaste fullførte utdanninga til tilsette i grunnbemanninga. Grunnbemanninga er dei tilsette i barnehagen som arbeider direkte med heile barnegruppa. Andelen er rekna ut frå årsverk til tilsette med ulik bakgrunn i utdanning i prosent av årsverk til grunnbemanning totalt.

Grunnbemanning – ulike utdanningar:

- Barnehagelærar
- Tilsvarande barnehagelærar
- Barne- og ungdomsarbeidar
- Anna høgare utdanning
- Anna fagarbeidar utdanning
- Anna bakgrunn



35 % av dei tilsette i Aukrabarnehagen er utdanna barnehagelærar og 32 % er barne- og ungdomsarbeidarar.

Slik er situasjonen i kommunane vi samanliknar oss med:

	Aukra	Aure	Suldal
Barnehagelærer	35,0	49,0	40,0
Tilsvarande barnehagelærer	0,0	*	*
Anna pedagogisk utdanning	0,0	*	*
Barne- og ungdomsarbeidar	32,0	*	49,0
Anna høgare utdanning	*	*	*
Anna fagarbeidarutdanning	*	*	*
Anna bakgrunn	21,0	31,0	*

* Ikkje oppgitt

Aure og Suldal har ein større del av tilsette som er barnehagelærarar enn i Aukrabarnehagen. I Suldalbarnehagen har nesten alle tilsette utdanning som enten barnehagelærer eller barne- og ungdomsarbeidar. Dette gjev gode føresetnader for barnehagen som *pedagogisk verksemd*.

Barnehagane har lagt til rette for utdanning av fleire barnehagelærarar. Mellom anna er ein fagarbeidar ferdig utdanna som barnehagelærer til sommaren, og ein anna fagarbeidar er ferdig utdanna om to år. Elles er tre nye barnehagelærer rekrutterte dette barnehageåret. To av barnehagelærarene tek no master i spesialpedagogikk, og ein anna barnehagelærer har no utdanning i tverrfagleg psykososialt arbeid med barn og unge. Samla sett er det mykje god kompetanse i Aukrabarnehagen.

2.3 Bemanning og kompetanse i Aukraskolen

Bemanning

Tabellen under syner lærertettleiken på skolane i Aukra. Det vil seie kor mange elevar det i snitt er per lærar i ordinær undervisning. Aukra er i tabellen samanlikna med fylke og land.

I tråd med tidleg innsats er det høgare lærartettleik på barnesteget enn på ungdomssteget. Samanlikna med fylke og land er det færre elevar per lærar i Aukra i ordinær undervisning. Over dei tre skoleåra fom. 2017-18 tom. 2019-20 ser vi at lærartettleiken har vore relativt stabil.



Tabellen under viser at kommunane vi samanliknar oss med, Aure og Sula, har færre elevar per lærar. Aure har om lag fire færre elevar per lærar enn Aukra.

Lærartettleik ordinær undervisning

	Aukra	Aure	Suldal
2019-20	14,7	10,7	13,4
2018-19	14,7	10,9	13,0
2017-18	14,9	10,8	13,1

Kompetanse

94,4 % av undervisninga i Aukra vert gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning. Dette er litt under dei vi samanliknar oss med. 5,6 % av alle undervisningstimar i Aukra vert gitt av personale som ikkje er godkjente lærarar.

Tabellen under syner kor stor del av undervisninga elevane hadde med lærarar med godkjent utdanning i skoleåret 2019-20. (www.gsi.no og www.skoleporten.no)

Aukra	Aure	Suldal	M & R fylke	Nasjonalt
94,4	96,1	96,1	95,2	96,1

- Kompetansekrav for tilsetting (Opplæringslova § 10-1)

GSI-tal for hausten 2020 viser at 63 av 66 lærarar som underviser oppfyller kompetansekravet for tilsetting. (I 2019 var det 56 av 61 lærarar som oppfylte kravet for tilsetting)

I GSI er ikkje tala for Aure tilgjengelege for oss. Men for Suldal kan vi sjå at 69 av 78 lærarar innfrir kompetansekravet for tilsetting.

- Kompetansekrav for undervisning i norsk, matematikk og engelsk (Opplæringslova § 10-1)
Det er kompetansekrav for å undervise i norsk, matematikk og engelsk. Det er krav om 30 studiepoeng i faget på barnesteget, og 60 studiepoeng på ungdomssteget.

Slik så biletet ut hausten 2020 for Aukra og Aure/Suldal:

FAG	Minst 30 sp	0-29 sp	Sum lærarar som underviser i faget	Minst 60 sp	30-59 sp	0-29 sp	Sum lærarar som underviser i faget
Norsk	27 (23/22)	2 (4/4)	29 (35/26)	6 (4/3)	1 (4/1)	0 (3/0)	7 (11/4)
Matematikk	18 (13/17)	5 (3/3)	23 (19/20)	5 (3/3)	3 (6/2)	0 (0/1)	8 (9/6)
Engelsk	10 (7/10)	7 (6/6)	17 (14/16)	6 (5/2)	0 (2/2)	1 (1/0)	7 (8/4)

sp = studiepoeng (GSI-tal) Tala for Aure/Suldal står i parantes)

I Aukra har 91% av lærarane som underviser i faget norsk tilstrekkeleg med kompetanse til å undervise i faget. I engelsk og matematikk er det 3/4 - 2/3 av lærarane som har tilstrekkeleg med kompetanse.

Norsk: 33 av 36 lærarar (27+6 av 29+7) (91%)
Matematikk: 23 av 31 lærarar (18+5 av 23+8) (74%)
Engelsk: 16 av 24 lærarar (10+6 av 17+7) (67%)

Kvaliteten på elevane sine dugleikar i lesing, rekning og skriving er avgjerande for moglegheita til å lukkast i vidare skolegang og arbeidsliv.

Det er viktig at skolane disponerer undervisningspersonalet slik at dei som har tilstrekkeleg med kompetanse underviser i dei faga dei har kompetansen i. I tillegg må skolane leggje meir trykk på vidareutdanning, samt rekruttering av personale med rett kompetanse.


2.4 Økonomi

Dei to tabellane *Netto driftsutgifter pr. innbygger til Barnehage* og *Netto driftsutgifter grunnskolesektor (205, 215, 222, 223)*, per innbygger viser økonomi i Aukra samanlikna med kostragruppe 16, Aure, Hustadvika, Suldal, Øygarden og landet utan Oslo.

Aukrabarnehagen og Aukraskolen har høgare netto driftsutgifter per innbygger enn landet utan Oslo. Aukraskolen har også høgare driftsutgifter enn heile kostragruppe 16.

Tabell barnehage

Tabellen viser at driftsutgifter 2020 per innbygger i Aukra er kr 10 748. Det er ei auke dei siste tre åra. Kostragruppe 16 har ein nedgang i ressursbruk i same periode. Driftsutgiftene i kostragruppe 16 er kr 7 233 i 2020. Det er 67% (kr 7 233/kr 10 748) av kva Aukrabarnehagen brukar. Suldal kommune brukar om lag 8% (11 635/10 748) meir på barnehage.




Tabell grunnskole

Tabellen viser at driftsutgifter 2020 per innbyggjar i Aukra er kr 22 100,8. Det er ei auke dei siste tre åra. Kostragruppe 16 har ein nedgang i ressursbruk frå 2019 til 2020. Driftsutgiftene i kostragruppe 16 er kr 22 918,4 i 2020. Det er 4% meir (kr 22 918,4/kr 22 100,8) enn det Aukraskolen brukar. Driftsutgiftene i Aukraskolen er 57% høgare enn landet elles utan Oslo (kr 22 200,8/kr 14 173,0).

Geografisk struktur, øy og fastland med ferje i mellom, har betydning for økonomisk drift. Utan ferje imellom kunne ein til dømes hatt færre elevgrupper på barnesteget.

Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger



	2017	2018	2019	2020
Aukra	20 278,0	20 174,6	21 670,6	22 100,8
Kostragruppe 16	21 184,2	22 238,7	24 093,6	22 918,4
Aure	17 850,5	18 865,7	18 287,7	18 491,6
Hustadvika				18 257,6
Suldal	20 759,7	21 183,2	21 581,2	21 511,2
Øygarden				16 193,1
Landet uten Oslo	13 240,7	13 836,0	14 340,4	14 173,0

202: grunnskole

215: SFO

222: skolebygg

223: skoleskyss

Det er gode økonomiske rammer i Aukrabarnehagen og Aukraskolen.

2.5 Pandemi 2020-2021

Våren 2020 og heile barnehage- og skoleåret 2020-21 er prega av pandemi. Vi har lært oss nye ord som *korona* og *kohortar*. Vi har sprita og vaska oss. Vi har lært å halde avstand, både ein og to meter. Barnehagane og skolane har arbeidd med smittevern etter trafikklysmodellen, grønt/gult/raudt. Med vaksiner er det von om etter kvart å kunne kome på grønt nivå.

Det overordna målet ved gult og raudt nivå er at barn og tilsette har et avgrensa tal på kontaktar og held oversikt over desse. Økt bruk av tid ute er anbefalt.

No er det gult nivå. På gult nivå må ein vere spesielt merksam på fellesareal der barn/elevar/vaksne frå ulike kohortar kan samlast. Den enkelte barnehage og skole bør oppfylle så mange tiltak som mogleg innafor gult nivå, slik at summen av tiltaka blir best mogleg.

Aukrabarnehagen og Aukraskolen har hatt gult nivå for smitteverntiltak heile barnehage- og skoleåret, med dei konsekvensane dette har medført knytt til avgrensa samarbeid mellom kohortar, personalsamarbeid og fagleg utviklingsarbeid for å nemne noko. Personalet har stått på. Dei har vore minimalt på heimekontor.

Elevar på 10. årstrinn har ikkje hospitert i vidaregåande skole, utdanningsmessa vart avlyst. Det same gjeld for juleball, joggeløp og arbeidsveke på 9. trinn. Teams og digital undervisning vart ein del av kvardagen. Det same gjeld for barnesteget. Det vart mange avlyste arrangement og elevkveldar.

Barnehagestyrarane og rektorane melder om at det i denne utfordrande tida har vore nært og godt samarbeid mellom einingane, mellom einingane og kommunenivået, og ikkje minst med kommuneoverlegen. Det har gitt tryggleik i arbeidet.

3 BARNEHAGE- OG SKOLEMILJØ



Lowverket sett tydelege krav for korleis barn og skoleelevar har rett til å ha det i barnehage og skole. Lowverket legg vekt på førebyggjande arbeid og nulltoleranse. Det er *aktivitetsplikt* for å sikre alle barn og elevar eit godt psykososialt miljø.

Barnehagelova:

§ 41 Nulltoleranse og forebyggjande arbeid

Barnehagen skal ikke godta krenkelser som for eksempel utestenging, mobbing, vold, diskriminering og trakassering. Alle som arbeider i barnehagen, skal gripe inn når et barn i barnehagen utsettes for slike krenkelser. Barnehagen skal forebygge tilfeller hvor barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø ved å arbeide kontinuerlig for å fremme helsen, trivselen, leken og læringen til barna.

§ 42 Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (Aktivitetsplikt)

Ved mistanke om eller kjennskap til at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen snarest undersøke saken. Når et barn eller foreldrene sier at barnet ikke har et trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen undersøke saken og så langt det finnes egnede tiltak, sørge for at barnet får et trygt og godt barnehagemiljø. Det samme gjelder når en undersøkelse som barnehagen selv har satt i gang, viser at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø. Tiltakene skal velges på grunnlag av en konkret og faglig vurdering.

Barnehagen skal lage en skriftlig plan når det skal gjøres tiltak i en sak. I planen skal det stå:

- a. Hvilke problemer tiltakene skal løse*
- b. Hvilke tiltak barnehagen har planlagt*
- c. Når tiltakene skal gjennomføres*
- d. Hvem som skal gjennomføre tiltakene*
- e. Når tiltakene skal evalueres*

Opplæringslova:

§ 9 A-2. Retten til eit trygt og godt skolemiljø

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

§ 9 A-3 Nulltoleranse og førebyggjande arbeid

Skolen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

Skolen skal førebyggje brot på retten til eit trygt og godt skolemiljø ved å arbeide kontinuerleg for å fremje helse, trivselen og læringa til elevane.

§ 9 A-4 Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø

Alle som arbeider på skolen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg.

Alle som arbeider på skolen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Rektor skal varsle skoleeigaren i alvorlege tilfelle.

Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, skal skolen snarast undersøkje saka.

Når ein elev seier at skolemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skolen så langt det finst eigna tiltak sørgje for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø.

Skolen skal sørgje for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i skolen sitt arbeid.

Skolen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå

- a) kva problem tiltaka skal løyse*
- b) kva tiltak skolen har planlagt*
- c) når tiltaka skal gjennomførast*
- d) kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka*
- e) når tiltaka skal evaluerast.*

Vondt er av alle andre
bli trakka på og trengd.
Men vondare å veta
At du er utestengd.

Jan-Magnus Bruheim


Det er så mangt i livet
Du ventar deg og vil.
Men **meir enn det å vera,**
er det å høyre til

Gjennom samarbeid mellom Aukrabarnhagen og Aukraskolen over eit par år, har vi no det siste året kome langt i arbeidet med felles forståing av regelverket og oppfølginga i praksis. Både barnehage og skole har utarbeidd godt kommunalt planverk. Siste året vert også ein del lik metodikk lagt til grunn. Felles forståing for oppgåver og ansvar er med på å danne eit verdigrunnlag der ein legg dei same teoriane til grunn i arbeidet med miljøet. Desse teoriane skal barn, elevar og foreldre no kunne sjå igjen i praksis. Det er spesielt vaksenrolla vi har arbeidd med:

- *Autoritative vaksne* (Baumrind)
- *Pedagogisk analyse* (Thomas Nordahl)
- *Trygghetssirkelen* (Brandzæg, Smith og Torsteinson)
- *Ingrid Lunds trapp – til barns beste* (Ingrid Lund)

Autoritative vaksne

Autoritative vaksne kan fremje positiv sosial utvikling og forebygge negative handlingar og mobbing. Dette er ein verdskjent teori om oppseding. Teorien er utvikla av Baumrind. I utgangspunktet er den om foreldrenivået. No er modellen i stadig større grad aktuell for forskning og praksis relatert til pedagogiske samanhengar som barnehage og skole. (*Den autoritative voksenrollen i barnehage og skole*, Pål Roland 2021)



Den autoritative vaksne er god på relasjonar, har god kontroll og stiller tydelege krav. På biletet ser vi den autoritative vaksne i første kvartil.


Pedagogisk analyse

I pedagogisk analyse skal ein leggje vekt på det som er mogleg å endre. Ein skal til dømes ikkje bruke mykje tid på å diskutere forholda i heimen.

Ein viktig reiskap i analysefasen er det Thomas Nordahl kallar for *sammenhengssirkelen*. Her er hensikta å kome fram til faktorar i situasjonen som utløyser og opprettheld barnegruppa/elevgruppa/barnet/eleven sine utfordringar. Her skal ein trekke fokuset vekk frå individperspektivet, og i staden sjå på kontekstuelle samanhengar.

Trygghetssirkelen

Trygghetssirkelen er utgangspunkt og verktøy i arbeidet med å skape gode relasjoner mellom voksne og barn. Målet er trygge barn og unge.



©2020 Circle of Security International


(<https://www.circleofsecurityinternational.com>, har fått tillating frå Ida Brandtzæg til å bruke bilde.)

For tilsette i barnehagen er sirkelen eit godt verktøy for at voksne skal forstå barnet sitt behov for *tilknytning* og *utforskning*.

I skolen skal *Trygghetssirkelen* vere eit verktøy for dei voksne til å forstå kva skolebarna treng for å få tilliten som skal til for å lære og å fremje utvikling av god psykisk helse.

Haldningstrappa

Dei vaksne sitt ansvar og evne til å leie og samarbeide byggjer på nokre grunnleggjande *haldningar* til barn og til vaksenrolla. Våre haldningar til barn og deira åtferd ligg der som ein base for korleis vi tek inn kunnskapen vi har og får. Desse haldningane pregar handlingane våre. Korleis vi møter barn, og kva vi vel å gjere. Vi må kontinuerleg reflektere på alle dei tre trinna.



Handlingstrappa, Lund (2020)



I skrivande stund er planen *Aukra kommune Barne- og ungdomsplan 2021-2030* på offentlig høyring. Denne har vi siste året arbeidd mykje med. Vi har samarbeidd på tvers og på langs; barnehage – helse – kultur og skole. I 2020 fekk kommunen psykolog i 40% stilling. Ho har kome med fleire gode innspel til planen. Planen gjeld for alle barn busett i Aukra kommune i aldersgruppa 0-23 år.

(Forsidebilde barne- og ungdomsplan 2020-2021)

I 2019 starta barnehagane og skolane i Aukra opp med satsinga *Inkluderande barnehage og skolemiljø* i samarbeid med Utdanningsdirektoratet og Statsforvalteren i Møre og Romsdal. Satsinga varer ut 2021.

Mål i 2-årsperioden

1. Styrke barnehagane, skolane og eigar sin kompetanse til å skape og oppretthalde gode barnehage- og skolemiljø.
2. Førebyggje, avdekke og handtere mobbing og andre krenkingar.
3. Styrke regelverkskompetansen og den pedagogisk kompetansen.
4. Styrke kompetansen i å drive utviklingsarbeid lokalt.
5. Samhandle med barn og foreldre for at alle skal oppleve å høyre til.

Gjennom denne satsinga har vi greidd å lande eit felles tankegods for korleis vi kan vere gode vaksne for barnehage- og skolebarn i Aukra kommune i eit heilskapleg løp.

Undervegsevalueringa knytt til satsinga, gjennomført i februar 2021, viser at:

- Ståstadanalysen var eit godt verkty for analyseprosessen og som grunnlag for utarbeiding av plan for arbeidet før satsinga starta
- Alle tilsette i Aukrabarnehagen har delteke i kompetanseutviklinga
- Dei tilsette har fått større temaforståing gjennom satsinga. Med boka *Mobbeatferd i barnehagen* som utgangspunkt, forelesing frå nasjonale fagdagar, mobbeombodet og ressurspersonar. Ulike metodar er brukt i refleksjonsarbeidet for å knyte teori og praksis saman i dei ulike tema
- Regelverkskompetansen er auka parallelt gjennom deltaking i satsinga, og innføring av nytt regelverk i barnehagelova, i kapittel VIII *Psykososialt barnehagemiljø*.
- *Plan for eit godt psykososialt miljø i Aukrabarnehagen*, med *Skjema for å melde frå* og *Aktivitetsplan* er revidert i samsvar med nytt regelverk
- Det er ikkje arbeidd så godt som planlagt og ønskt med involvering av foreldra i satsinga. Dette skuldast i hovudsak pandemien og omsyn til smittevern
- Ressurspersonane har vore aktive pådrivarar for utviklingsarbeidet i barnehagane, på skolane, og mellom barnehagane og skolane
- Det er laga Verdiplattform for Aukrabarnehagen og Aukraskolen som skal bidra til at barn og elevar møter tilsette med dei same verdiane gjennom barnehage- og skoletida

Fysisk miljø

Det fysiske miljøet påverkar det psykososiale miljøet.

I 2018-2019 var planlegginga av å samle dei to husa på Barnebo barnehage, Furutun og Riksfjord, i full gang. I august 2021 flyttar barna inn og barnehagen vert samlokalisert.

Elles er Julsundet skole, Bergetippen barnehage og Gossen barne- og ungdomsskole i full drift i nye, og renoverte lokale.

Overgang barnehage og skole


I 2018 og 2019 vart det utarbeidd felles plan for overgangen mellom barnehage og skole. Planen er fulgt og tilpassa naudsynte tiltak om smittevern.

Måleindikatorar for opplevd miljø

Måleindikatorar for barna sitt miljø i Aukrabarnehagen er foreldreundersøkinga. I Aukraskolen er elevundersøkinga lagt til grunn.

3.1 Barnehagemiljø

Indikator for barnehagemiljøet er foreldreundersøkinga frå 2020.



Foreldretilfredshet	
Nasjonalt gjennomsnitt	4,5
Aukra kommune	4,7
Aure kommune	Ikkje tilgjengelege tal
Suldal kommune	4,6

www.barnehagefakta.no

Vi ser at foreldre i Aukrabarnehagen er godt tilfredse med tilbudet.

3.1.1 Foreldreundersøkinga 2020

Foreldre i Aukrabarnehagen svarte på foreldreundersøking i november og desember 2020

Undersøkinga tek for seg tema om barnet si trivsel og utvikling, samarbeidet med barnehagen, informasjon og tilfredsheit med lokale og uteareal. Barnehagane bruker resultatata som ei hjelp til vurdere og utvikle barnehagetilbodet. Deler av resultatata vert publisert på barnehagefakta.no og udir.no. Data frå foreldreundersøkinga kan også bli brukt til forskning.

Tabellen under syner resultat frå foreldreundersøkinga for Aukrabarnehagen. Den viser også snittresultata for Møre og Romsdal fylke, samt snittet for heile landet. Vi kunne ikkje finne tala for Aure og Suldal. I denne undersøkinga er det lagt særleg vekt på spørsmål om barnets trivsel og utvikling. Resultata for Aukra indikerer at foreldre er godt fornøgd med barnehagane våre. Tre områder har litt lågare skår under 4,5 og ein vil arbeide for å betre dette. Skår på 4,9 på barnets trivsel er ein særdeles nøgd med å registrere sjølv om målet må vere høgaste skår, 5,0, på alle hovudområde.

	Aukra	Møre og Romsdal	Noreg
1. Ute- og innemiljø	4,4	4,2	4,2
2. Relasjon mellom barn og vaksen	4,6	4,5	4,5
3. Barnet sin trivsel	4,9	4,8	4,8
4. Informasjon	4,6	4,2	4,3
5. Barnet si utvikling	4,7	4,7	4,6
6. Medverknad	4,4	4,3	4,3
7. Henting og levering	4,4	4,4	4,4
8. Tilvenning og skolestart	4,7	4,5	4,5

www.barnehagefakta.no



3.2 Skolemiljø

SIM

Aukraskolen er saman med alle romsdalskommunane på tredje året under skolering av Læringsmiljøsentret i Stavangar. Det er og har vore opplæring i *mobbingens psykologi*, korleis ein skal avdekkje og følgje opp mobbing, målretta samtalemetodikk, observasjon og bruk av diverse verkty som til dømes spekter og sosiogram. Forsking er lagt til grunn. Skolereinga vert kalt for *SIM*, Skolen sitt Innsatsteam mot Mobbing. Begge skolane har kvart sitt innsatsteam. Teamet arbeider primært i høve til mobbesaker, men arbeider også førebyggjande. Rektor er leiar av teamet.

Skolenærvær

Aukraskolen har fokus på skolenærvær. Ei plan for å førebyggje fråvær og følgje opp fråvær er under utarbeiding. Tidleg innsats i barnehagen påverkar risikobiletet i høve til fråvær i skolen.

3.2.1 Elevundersøkinga 2020-2021

Alle elevar og lærlingar skal inkluderast og oppleve meistring. Det er obligatorisk for skoleeigarar og skoleleiarar å gjennomføre Elevundersøkinga for elevar på 7. og 10. steget. Ein del av spørsmåla i Elevundersøkinga er sett saman til indeksar som blir viste i Skoleporten. Resultata for alle spørsmåla i Elevundersøkinga blir viste i ein eigen rapportportal. I tilstandsrapporten er desse læringsmiljøindeksane obligatoriske:

Skala: 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat. Unntak er del av dei som opplever å verte mobba. Dette er prosent-tal.

Tabellane under viser Aukra kommune sine resultat på elevundersøkinga samanlikna med kommunane Aure, Suldal, fylke og land. Tala i parantes gjeld berre for Gossen barne- og ungdomsskole, då Julsundet skole ikkje gjennomførte undersøkinga digitalt skoleåret 2019-20.

7. trinn 2020/2021 og (2019/2020)

Indikatorar og nøkkeltal	Aukra	Aure	Suldal	KG17	M&R fylke	Nasjonalt
Støtte frå lærarane	4,5 (4,5)	4,4	4,2	(4,5)	4,4 (4,5)	4,4 (4,4)
Vurdering for læring	3,7 (3,6)	3,9	3,6	(3,6)	3,8 (3,8)	3,8 (3,9)
Læringskultur	3,9 (4,0)	3,8	3,7	(4,0)	3,9 (4,0)	4,0 (4,0)
Meistring	3,8 (3,9)	3,8	3,9	(3,9)	4,0 (4,0)	4,0 (4,0)
Elevdemokrati og medverknad	3,7 (3,6)	3,6	3,5	(3,7)	3,6 (3,7)	3,7 (3,8)
Fagleg utfordring	4,1 (3,7)	3,8	3,8	(3,9)	3,9 (3,9)	4,0 (4,0)
Felles reglar	4,3 (4,6)	4,3	4,1	(4,4)	4,3 (4,4)	4,3 (4,4)
Trivsel	4,1 (4,1)	4,2	4,0	(4,2)	4,1 (4,2)	4,2 (4,3)
Motivasjon	3,6 (3,6)	3,6	3,3	(3,6)	3,6 (3,7)	3,7 (3,8)
Støtte heimefrå	4,1 (4,0)	4,1	4,1	(4,0)	4,1 (4,2)	4,4 (4,3)
Mobbing på skolen i %	9,6 (*)		14,3		6,7 (5,8)	7,5 (7,0)

Aukra kommune, Grunnskole, Elevundersøkinga 2020-2021, Trinn 7, Skoleporten
Tala i parantes er skoleåret 2019/2020

Tala for 2020/21 var publiserte i april

Skoleleiing og teamet på 7. trinn har analysert resultatane og arbeider vidare for at alle skal ha det trygt og godt på skolen. Resultatane ligg i hovudsak på gjennomsnittet for nasjonen.

9,6% av elevane på 7. årssteg opplever å verte mobba.

Dette er delspørsmåla elevane svarte på:

«Er du blitt mobbet av andre elever på skolen de siste månedene? (prosent)»: 10,0

«Er du blitt mobbet av voksne på skolen de siste månedene? (prosent)»: 0,0

«Er du blitt mobbet digitalt (mobil, iPad, PC) de siste månedene? (prosent)»: *

Rektorane fortel at dei på bakgrunn av resultatane har undersøkt;

- Sosiometrisk undersøking / elevmiljøskjema
- Foreldresamtalar
- Observert
- Teke opp i skolemiljøutvalet / samarbeidsutvalet / foreldreråd
- Kartlagt sosial kompetanse

Underøkingane viser at det er ein del konflikhtar og uheldig språkbruk mellom elevane. Kontaktlærara/ sosionomar / vernepleiarar har samtalar med elevane.

10. trinn

Indikatorar og nøkkeltal	Aukra	Aure	Suldal	M&R fylke	Nasjonalt
Støtte frå lærarane	4,1 (3,9)	3,9	3,8	4,1 (4,0)	4,1 (4,0)
Vurdering for læring	3,2 (3,2)	3,2	3,0	3,3 (3,2)	3,3 (3,3)
Læringskultur	3,9 (3,5)	3,6	3,1	3,9 (3,8)	3,9 (3,8)
Meistring	3,9 (3,7)	4,0	4,0	3,9 (3,9)	3,9 (3,9)
Elevdemokrati og medverknad	3,6 (3,0)	3,2	2,9	3,3 (3,3)	3,4 (3,4)
Fagleg utfordring	4,2 (3,9)	3,9	4,0	4,2 4,2	4,3 (4,3)
Felles reglar	4,2 (3,9)	3,8	3,7	4,1 4,0	4,0 (4,0)
Trivsel	4,0 (4,1)	3,9	3,9	4,1 4,2	4,1 (4,1)
Utdanning- og yrkesretteiing	3,8 (3,3)	4,0	3,9	3,8 3,9	3,8 (3,8)
Motivasjon	3,4 (3,3)	3,2	3,0	3,4 (3,4)	3,5 (3,4)
Støtte heimefrå	3,9 (4,2)	3,8	4,0	4,1 (4,0)	4,1 (4,1)
Mobbing på skolen i %	*			4,2 (5,6)	4,5 (6,5)

Aukra kommune, Grunnskole, Elevundersøkinga 2020-2021, Trinn 10, Skoleporten
Tala i parantes er skoleåret 2019/2020

Elevdemokrati og medverknad: Elevane i Aukra opplever meir elevdemokrati og medverknad enn elevane nasjonalt. Elevråda er aktive. Dei vert teke med for å skape ein meir inkluderande skole for alle. Politikarane i Aukra sette fokus på dette i førre tilstandsrapport. Det er gledeleg at sytematisk arbeid med involvering av elevane ser ut til å lukkast.

Støtte heimanfrå: Elevane i Aukra opplever mindre støtte heimanfrå enn kva elevane nasjonalt melder om.

4.0 UTVIKLING OG LÆRING

Alle barn og elevar skal oppleve meistring, utvikle potensialet sitt og ha *progresjon*. Barnehagen har ei heilskapleg tilnærming til læring der prosessen i seg sjølv er målet. I skolen vert reultata av elevane si læring målt; Nasjonale prøver, standpunktkarakterar, eksamen og grunnskolepoeng. Slike resultat finst ikkje for barnehagen. Alle elevar som går ut av grunnskolen, skal meistre grunnleggjande ferdigheiter. Dette er ferdigheiter som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og i arbeidslivet. Difor er *resultat* også viktig.



Ekskursjon i fjæra

I barnehagen vert det arbeid med *kommunikasjon, språk og tekst*. I skolen vert det jobba med *lesing i alle fag og norsk / engelsk*.

I barnehagen vert det arbeid med *mengd, rom og form*. I skolen vert det arbeid med *rekning i alle fag og matematikk*.

4.1 Kommunikasjon, språk og tekst i barnehagen

I barnehagen vert det lagt eit viktig grunnlag for barna sin forståing for *kommunikasjon, språk og tekst*. Dette er «språklege» omgrep som vert brukte både i barnehage og skole.

Gjennom arbeid med fagområdet skal barnehagen bidra til at barna får utforske og utvikle språkforståinga, språkkompetansen og eit mangfald av kommunikasjonsformer.

Vi er bevisste på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling. Vi anerkjenner og verdsett barnas ulike kommunikasjonsuttrykk og språk, og vi hjelper barnet til å uttrykke tankar og kjensler. Alle barn blir involvert i samtalar, og vi støttar barn som har vanskar med kommunikasjon.

Barna får utvikle språket gjennom gode samtalar, høgtlesing, forteljingar, rim og regler og song. Dei har god tilgang på bøker i barnehagen. Å lese for barna er særst viktig for å førebyggje lese- og skrivevanskar seinare. Lesing er i tillegg ein aktivitet som bidreg til at vaksne og barn kan setje seg ned saman, og ha ei roleg stund, rundt ei felles oppleving.



Dei gode samtalanene kan gå føre seg kvar som helst, når som helst og kan handle om kva som helst. Dei oppstår blant anna rundt matbordet, på dissa, på stellebordet, når ein spelar brettspel, i treet, langs vegen når man går på tur. Ja, dei kan oppstå over alt.

Dei kan lure på kvifor er bladet oransje og kvifor er det bilde av ei ku på mjølkekartongen. Vi kan ha djupe samtalar om kva er ein ven, og vi kan synge song om alle tær og fingre når man skiftar ei bleie.

Vi skal vere gode språklege forbilde og lydhøyre i kommunikasjon med alle barn. I Aukrabarnehagen er fleire barn fleispråklege. Barnehagen sitt språklege mangfald skal vere ein ressurs for heile barnegruppa. Til dømes ser og høyrer vi på eventyr og songar på ulike språk, og vi lærer oss nokre ord innanfor dei språka vi har på avdelinga.

I barnehagen vert det lagt eit viktig grunnlag for barna sin forståing for *kommunikasjon, språk og tekst*. Dette er «språklege» omgrep som vert brukte både i barnehage og skole.

4.2 Mengd, rom og form i barnehagen

I barnehagen vert det lagt eit viktig grunnlag for barna si forståing for *mengd*, *rom* og *form*. Dette er matematiske omgrep som vert brukt både i barnehage og skole.

Fagområdet omfattar leikande og undersøkjande arbeid med samanlikning, sortering, plassering, orientering, visualisering, former, mønster, tal, teljing og måling.

Det handlar om å oppdage, utforske og skape strukturar, og hjelper barna til å forstå samanhengar i naturen, samfunnet og universet.

Barna tel, sorterer og orienterer seg naturleg i høve tal, former og rom, på mange ulike måtar. Denne naturleg gryande matematiske interessa stimulerer vi dagleg ved å vere nysgjerrige og forskande saman. Vi støttar barna si evne til å løyse problem, og hjelpe dei til å vere uthaldande i slike prosessar. Vi skal stille spørsmål, resonnerer, argumentere og søkje løysingar.

Eventyret om Gullhår og dei tre bjørnane introduserer barna for storleikar. Minst, mellomst og størst er omgrep som får innhald gjennom å høyre og leike eventyret.



Geitekillingen som kan telje til 10, lærer oss teljeramsa. Vi leikar eventyret og fyller opp ferga med dyra. Då ser barna at kvart tal representerer ei mengd.

Når vi bakar pepparkake i desember eller er ute på tur i naturen, ser, utforskar og oppdagar vi former og fargar. Vi lagar is med konditorfargar i ulike behaldarar, og tek alle sansar i bruk for å smake, sjå og kjenne på formene vi tryllar fram.

Med ein gamal «overhead» transformerer vi ulike former til skuggebilde opp på veggen. Og etter same metode kan vi sjå om vi greier å kjenne igjen kvarandre sin skuggar.

Vi har klossar i ulike storleikar, struktur og former. Vi stablar og riv ned, puttar dei på rett plass i brettet, sorterer i forskjellige kategoriar, køyrer dei av stad på eit lasteplan eller ber rundt på dei i ei veske. I staden for klossar brukar vi også t.d. flasker med fargevatn, papprøyr, magnetar, Lego eller store puter.



I barnehagen har vi store kar. Dei kan vi fylle opp med vatn, fjør, ris eller makuleringspapir.

Barna elsker å fylle opp i behaldarar, tømme ut, kaste opp i lufta og la det dale ned. At dei samstundes gjer seg nyttige erfaringar med volum, vekt og eigenskapar til ulik type materiell, er dei enn så lenge uvitande om. Her og no er det gleda ved å oppleve og gjere artige ting saman med gode vennar som er viktig. Men det vil nok komme dei til gode ein dag.

Visste du at ein voksen i barnehagen er ca. 16 handavtrykk lang ? Eller at du kan få erfaring med kor tung ein 15 kg fisk er, med å gå på kjøkkenet og finne fram matvarer og vekta.

Ved å gripe moglegheitene som ligg der kvar dag, får barna i Aukrabarnehagen utforske og oppdage matematikk i dagleglivet, og sjølv vere kreative og skapande.

4.3 Nasjonale prøver i lesing, rekning og engelsk

Det er obligatoriske nasjonale prøver i lesing, rekning og engelsk for elevane på 5. og 8. trinn. Elevar på 9. trinn har nasjonale prøver i lesing og rekning, ikkje engelsk. Det er tre nivå for meistring på 5. trinn. Ungdomstrinnet har fem nivå.

Lesing

Nasjonale prøver i lesing skal kartleggje i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita lesing, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Prøvene omfattar tre aspekt:

1. finne informasjon
2. forstå og tolke
3. reflektere over og vurdere form og innhald i teksten

Rekning

Nasjonale prøver i rekning skal kartleggje i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita rekning, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i rekning ikkje er ei prøve i matematikk som fag. Dei nasjonale prøvene i rekning dekkjer tre innhaldsområde:

- tal
- måling
- statistikk

Prøvene i rekning tek utgangspunkt i korleis elevane bruker rekning i ulike samanhengar:

- kan løyse ei gitt utfordring
- kan løyse problemet ved hjelp av rekneoperasjonar
- kan vurdere om svara er rimelege
- kan ha effektive strategiar for enkel talrekning

Engelsk

Engelsk er ikkje ein del av dei grunnleggjande ferdigheitene som er integrerte i kompetansemål i læreplanane i alle fag i LK06. Prøvene tek utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag – engelsk. Oppgåvene (på 5. steget) er knytte til desse ferdigheitene:

- finne informasjon
- forstå hovudinnhaldet i enkle tekstar
- forstå vanlege ord og uttrykk knytt til daglegliv og fritid
- forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengen dei er brukte i
- bruke vanlege grammatiske strukturar, småord og enkle setningsmønster

4.3.1 Nasjonale prøver 5. trinn

Trinn 5,	Lesing		Rekning		Engelsk	
Mestringsnivå 1	2019-2020	2020-21	2019-2020	2020-21	2019-2020	2020-21
Aukra	37,3	39,4	30,0	27,3	26,0	24,2
Aure	35,3	34,4	40,0	42,9	38,2	38,2
Eide	35,6	-	31,1	-	29,5	-
Suldal	22,4	29,3	8,6	26,2	37,9	38,1
Øygarden	32,3	-	23,9	-	27,7	-
Kommunegr. 16	29,7		26,7		31,4	
Møre og Romsdal fylke	23,2	25,5	22,2	23,1	24,5	23,1
Nasjonalt	22,7	23,3	23,5	24,0	24,5	24,6
Mestringsnivå 2						
Aukra	47,1	48,5	48,0	60,6	42,0	24,2
Aure	44,1	56,3	48,6	45,7	35,3	5,9
Eide	51,1	-	53,3	-	50,0	-
Suldal	46,6	51,2	56,9	47,6	46,6	50,0
Øygarden	52,3	-	52,2	-	43,1	-
Kommunegr. 16	49,3		49,8		46,2	
Møre og Romsdal fylke	59,4		55,0	53,7	49,5	50,1
Nasjonalt	55,7		50,9	51,7	49,4	47,8
Mestringsnivå 3						
Aukra	15,7	12,1	22,0	12,1	32,0	24,2
Aure	20,6	9,8	11,4	11,4	26,5	5,9
Eide	13,3	-	15,6	-	20,5	-
Suldal	31,0	19,5	34,5	26,2	15,5	11,9
Øygarden	15,4	-	23,9	-	29,2	-
Kommunegr. 16	21,0		23,6		22,4	
Møre og Romsdal fylke	17,4	19,2	22,7	23,1	26,0	26,8
Nasjonalt	21,6	21,6	25,7	24,3	26,1	27,6

Vurdering

- Det vil alltid vere naturlege variasjonar frå år til år når det gjeld elevresultat
- I 2019-20 og 2020-2021 har Aukra mange elevar på lågaste mestringsnivå i lesing
- Alle elevar som heng etter i lesing, skrivning og rekning får intensiv opplæring på 1.-4. trinn
- Vi har over tid sett at det er spesielt mange elevar i Aukra på lågaste mestringsnivå i lesing. Aukra kommune er saman med begge skolar, Statped og PPT godt i gang med å lage ei plan for lese- og skriveopplæringa på barnesteget. Vi vonar dette er eit målretta tiltak slik at fleire elevar vert habile lesarar.

4.3.2 Nasjonale prøver ungdomstrinn

8. trinn har nasjonale prøver i lesing, rekning og engelsk. 9. trinn har nasjonale prøver i lesing og rekning. Det er 5 mestringsnivå. (5. Trinn har tre mestringsnivå)

8. trinn

Mestringsnivå	Lesing		Rekning		Engelsk	
Meistringsnivå 1	2019-2020	2020-2021	2019-2020	2020-2021	2019-2020	2020-2021
Aukra	11,4	13,1	6,3	3,3	7,7	8,5
Aure	13,2	9,8	15,8	*	1,7	2,6
Eide	6,3	-	2,1	-	14,3	-
Suldal	10,0	10,9	7,5	*	15,0	8,5
Øygarden	25,9	-	16,4	-	19,6	-
Kommunegr. 16	8,5		5,0		8,7	
Møre og Romsdal fylke	9,8	10,4	6,9	7,4	6,8	8,6
Nasjonalt	9,8	9,4	7,4	7,7	8,4	8,9
Meistringsnivå 2						
Aukra	22,8	19,7	32,9	24,6	21,8	18,6
Aure	13,2	17,1	23,7	40,0	25,6	12,8
Eide	25,0	-	31,3	-	30,6	-
Suldal	12,5	21,7	17,5	8,9	27,5	31,9
Øygarden	16,7	-	21,8	-	19,6	-
Kommunegr. 16	15,7		22,3		20,1	
Møre og Romsdal fylke	14,9	19,0	24,8	24,7	19,8	18,9
Nasjonalt	14,7	17,4	23,3	23,3	18,5	17,2
Meistringsnivå 3						
Aukra	43,0	32,8	35,4	37,7	44,9	42,4
Aure	50,0	53,7	36,8	45,0	38,5	56,4
Eide	58,3	-	43,8	-	34,7	-
Suldal	50,0	58,7	32,5	44,4	35,0	34,0
Øygarden	33,3	-	32,7	-	33,9	-
Kommunegr. 16	42,2		36,4		39,7	
M&R	47,4	42,9	39,9	39,1	45,0	43,8
Nasjonalt	43,1	41,6	38,4	38,5	42,5	42,9
Meistringsnivå 4						
Aukra	20,3	23,0	20,3	27,9	11,5	20,3
Aure	13,2	12,2	15,8	*	17,9	20,5
Eide	6,3	-	20,8	-	10,2	-
Suldal	14,5	*	27,5	40,0	15,0	19,1
Øygarden	20,4	-	21,8	-	17,9	-
Kommunegr. 16	23,3		24,5		18,3	
M&R	21,4	20,3	20,2	19,6	18,7	20,4
Nasjonalt	23,2	22,1	20,7	20,1	19,2	20,6
Meistringsnivå 5						
Aukra	2,5	11,5	5,1	6,6	14,1	10,2
Aure	10,5	7,3	7,9	7,5	10,3	7,7
Eide	4,2	-	2,1	-	10,2	-
Suldal	10,0	*	15,0	*	7,5	6,4
Øygarden	3,7	-	7,3	-	8,9	-
Kommunegr. 16	10,3		11,8		13,2	
M&R	6,4	7,4	8,1	9,2	9,7	8,4
Nasjonalt	9,1	9,6	10,3	10,3	11,3	10,5

Vurdering

- Lesing: Fleire elevar i Aukra på dei to lågaste meistringsnivå begge år enn landet elles.
- Rekning: Færre elevar i Aukra på lågaste meistringsnivå begge år enn landet elles. Færre er på høgaste meistringsnivå begge år enn landet elles.
- Engelsk: Færre elevar i Aukra på lågaste meistringsnivå begge år enn landet elles. Begge skoleår er det fleire elevar på høgaste meistringsnivå enn landet elles.

9. trinn

Trinn 9	Lesing		Rekning	
Mestringsnivå 1	2019-2020	2020-2021	2019-2020	2020-2021
Aukra	5,6	3,8	2,8	2,6
Aure	*	5,0	*	*
Eide	6,3	-	4,1	-
Suldal	5,6	9,8	3,8	7,3
Øygarden	25,9	-	16,4	-
Kommunegr. 16	5,7		*	
Møre og Romsdal fylke	6,0	5,8	3,8	5,2
Nasjonalt	6,0	5,8	4,6	4,6
Mestringsnivå 2				
Aukra	12,7	11,5	20,8	18,2
Aure	*	12,5	*	17,5
Eide	8,3	-	24,5	-
Suldal	11,1	22,0	11,3	12,2
Øygarden	16,7	-	21,8	-
Kommunegr. 16	10,0		15,3	
Møre og Romsdal fylke	11,2	12,5	16,5	14,7
Nasjonalt	9,3	11,0	15,6	15,4
Mestringsnivå 3				
Aukra	47,9	47,4	47,2	39,0
Aure	*	42,5	*	42,5
Eide	41,7	-	36,7	-
Suldal	42,6	36,6	37,7	31,7
Øygarden	33,3	-	32,7	-
Kommunegr. 16	*		39,2	
Møre og Romsdal fylke	38,7	37,2	36,0	37,4
Nasjonalt	35,9	35,1	34,4	34,9
Mestringsnivå 4				
Aukra	22,5	20,5	18,1	28,6
Aure	*	32,5	*	27,5
Eide	35,4	-	22,4	-
Suldal	24,1	22,0	26,4	29,3
Øygarden	20,4	-	21,8	-
Kommunegr. 16	*		*	
Møre og Romsdal fylke	28,3	29,0	26,3	25,3
Nasjonalt	29,7	28,6	25,6	25,6
Mestringsnivå 5				
Aukra	11,3	16,7	11,1	11,7
Aure	*	7,5	*	*
Eide	8,3	-	12,2	-
Suldal	16,7	9,8	20,8	19,5
Øygarden	3,7	-	7,3	-
Kommunegr. 16	20,0		23,0	
Møre og Romsdal fylke	15,8	15,6	17,5	17,4
Nasjonalt	19,1	19,5	19,7	19,5

Vurdering

Vurderinga er i høve til nasjonalt snitt

Lesing

- 2019-2020: Færre elevar på høgaste meistringsnivå, færre elevar på høgaste meistringsnivå
- 2020-2021: Færre elevar på lågaste meistringsnivå, færre elevar på høgaste meistringsnivå

Rekning

- 2019-2020: Færre elevar på lågaste meistringsnivå, færre elevar på høgaste meistringsnivå
- 2020-2021: Færre elevar på lågaste meistringsnivå, færre elevar på høgaste meistringsnivå

4.4 Karakterar - matematikk, norsk og engelsk

Standpunkt karakterar og karakterar frå eksamen i grunnskolen og i vidaregåande opplæring utgjør sluttvurderinga. Denne vurderinga gir informasjon om kompetansen eleven har oppnådd i faget. Vurderinga skal ta utgangspunkt i måla i læreplanverket. Graderinga beskriv at karakteren:

- 1 uttrykkjer at eleven har svært låg kompetanse i faget
- 2 uttrykkjer at eleven har låg kompetanse i faget
- 3 uttrykkjer at eleven har nokså god kompetanse i faget
- 4 uttrykkjer at eleven har god kompetanse i faget
- 5 uttrykkjer at eleven har mykje god kompetanse i faget
- 6 uttrykkjer at eleven har framifrå kompetanse i faget

Karakterskalaen er 1-6. Beste karakter er 6. Karakterane er viste som gjennomsnitt.

Standpunkt karakterar i matematikk, norsk og engelsk 2020:

	Aukra	Aure	Suldal	M & R	Nasjonalt
Matematikk	3,9	4,1	3,7	3,8	3,8
Norsk hovudmål	4,1	3,8	4,1	4,0	4,0
Norsk sidemål	4,1	3,9	3,8	3,9	3,9
Norsk munnleg	4,3	4,2	4,3	4,3	4,4
Engelsk skriftleg	3,9	3,9	4,2	4,1	4,1
Engelsk munnleg	4,1	4,1	4,5	4,3	4,4

(www.skoleporten.no)

I 2020 var både sentralt gitt eksamen og lokalt gitt eksamen avlyst. Ved å samanlikne karakterar til eksamen og standpunkt karakterar kan ein seie noko om *vurderingspraksis*. Då det ikkje var eksamen i 2020 er det ikkje mogleg å kome med ei vurdering for dette året.

4.5 Grunnskolepoeng

Grunnskolepoeng er eit mål for det samla læringsutbyttet for elevar som får sluttvurdering med karakterar. Karakterane blir brukte som kriterium for opptak til vidaregåande skole. Grunnskolepoeng er rekna ut som

summen av dei avsluttande karakterane til elevane, delt på talet på karakterar og gonga med 10. Dersom det manglar karakterar i meir enn halvparten av faga, skal det ikkje reknast ut poeng for eleven
Grunnskolepoeng er presenterte som karaktergjennomsnitt med ein desimal.

	2019	2020
Aukra	42,5	43,8
Aure	42,9	42,2
Eide	45,1	-
Suldal	43,7	43,6
Øygarden	42,9	-
KG 16	42,6	
M & R	41,9	43,1
Nasjonalt	41,9	43,2

Vurdering:

- Grunnskolepoenga i 2020 er høge for alle.
- Grunnskolepoenga i 2020 er 0,7-0,8 høgare i Aukra enn fylke og land
- Elevar i Eide har flest grunnskolepoeng.

Alle elevar i Aukraskolen fullførte grunnskolen med vitnemål i 2020.

Ved inntak til vidaregåande skole er det grunnskolepoenga som vert lagt til grunn.

4.6 Overgang til VGO

Alle elevar og lærlingar som er i stand til det, skal gjennomføre vidaregåande opplæring. Kompetansebeviset skal sikre dei vidare studium eller deltaking i arbeidslivet.

Tabellen viser prosentdelen av elevkullet (16 år) som er registrert i vidaregåande opplæring hausten etter uteksaminering frå grunnskolen:

	2019	2020
Aukra	96,6	96,8
Aure	100	93,6
Eide	100	-
Suldal	100	100
Øygarden	98,0	98,3
M & R	98,3	98,8
Nasjonalt	98,0	98,2

Om lag 97 % av elevane i Aukra starta i vidaregåande skole hausten etter avslutta grunnskole i 2019 og 2020. Ungdommar kan ha starta på skole utanfor Møre og Romsdal, og kan ha flytta frå kommunen.

Etter informasjon frå rådgjevar i karriere og oppfølging ved Møre og Romsdal fylkeskommune, Laila H. Tretnes Nielsen, var det ungdommar som gjekk ut av grunnskolen skoleåret 2019-2020, og som ikkje søkte vidaregåande opplæring for skoleåret 2020-2021, til fristen 1. mars. Ungdommane er no i skole, eller under oppfølging av OT (oppfølgingstenesta)

(E-post frå Tretnes Nielsen til Marianne Bolghaug 12. mai 2021)

Når en elev ikkje startar på vidaregåande skole, tar oppfølgingstenesta (OT) kontakt med ungdommen. OT og ungdommen har eit møte om vegen vidare; skoleplass på anna skole? utplassering gjennom NAV? Andre tiltak? Ungdommen kan takke nei. Tilbod er friviljug. OT har ansvar til ungdommen er 21 år.

Kvar haust vert det generert lister til OT over dei ungdommane som ikkje er i arbeid, i lære eller på skole.

Alle ungdommane vert kontakta av OT og får tilbod om oppfølging og rettleiing.

Ansvar til OT er regulert i opplæringslova §3-6 og forskrift til opplæringslova §§ 13-1 til 13-4.

Nokre ungdommar er det lett å få i aktivitet.

Andre har problem som gjer at dei er så sjuke at dei ikkje kan gå på skole, kanskje er dei i behandling.

OT følgjer desse og tar kontakt igjen når det er tid for søking igjen komande år. OT er hjelpeinstans for ein god del som søker vidaregåande skole.

Vi er så heldige å ha fått *Ung* i drift. I Romsdal er det 15 plasser. Det er grei dimensjonering ifølgje Rose Skarset hos fylkeskommunen. Fokuset er på karriererettleiing, meistringsaktivitetar, arbeidspraksis, vegkart, livsmeistring og mykje meir.

Det er også elevar som tek opp att fag frå ungdomsskolen. Loven har opna for at dette er mogleg.

5.0 OPPSUMMERING

Bemanning og kompetanse 2020

Aukrabarnehagen har bemanning med variert og god kompetanse. Det har vist seg at det kan vere knapt med pedagogar når dei faste tilsette har fråvær frå barnehagen. Aukrabarnehagen legg til rette for at fagarbeidarar tar utdanning som barnehagelærar.

I Aukraskolen er det færre elevar per lærar enn landet og fylket, men fleire elevar per lærar enn Aure og Suldal.

I skolen må vi ha konstant trykk på å sikre elevane undervisning av lærarar med godkjent kompetanse.

Mange nok kompetente vaksne som er tett på både fagleg og sosialt er vesentleg for å nå måla i opplæringslova, og for å gjere elevane best mogleg rusta for framtida.

Økonomi

Det er gode økonomiske rammer i kommunen sine barnehagar og skolar.

Barnehage- og skolemiljø

Foreldreundersøkinga i barnehagane og elevundersøkinga i skolane seier noko om barn og unge sitt miljø. Generelt sett opplever foreldre at barna trivst i barnehagen. Det er ikkje spesielt store skilnader på korleis elevane opplever miljøet i høve til fylket og landet. Men på 7. årssteg i 2021 melder 9,6% av elevane om at dei vert mobba. Skolane følgjer dette opp.

Utvikling og læring

Det er krav til at barn skal lære og utvikle seg i barnehagen og i skolen. Alle barn skal ha progresjon og utvikle potensialet sitt. I barnehagen er ein opptekne av gode prosessar. I skolen er prosess og resultat viktig. Resultat vert mellom anna målt gjennom nasjonale prøver, standpunktkarakterar, eksamen, og grunnskolepoeng. Det er mange elevar på lågaste meistringsnivå i lesing. Vi vonar at plana for lese- og skriveopplæring som er under utarbeiding vil vere eit godt reiskap framover. Sia lesing er ein grunnleggjande dugleik i alle fag må ein sikre at alle elevar i størst mogleg grad vert møtt av lærarar med undervisningskompetanse i faga.

Overgang til vidaregåande skole

Det er eit mål at alle elevar skal kome seg gjennom vidaregåande skole. I 2019 og 2020 var det nokre elevar som ikkje starta på vidaregåande skole om hausten. Då er oppfølgingstenesta (OT) gjennom fylkeskommunen ei god sikring.